



Møteinnkalling

Utval: Viltnemnda
Møtestad: Landbrukskontoret
Dato: 22.05.2019
Tid: 17:00

Vi ber om at fråfall vert melde snarast råd til møtesekretæren.

Medlemmer som er ugilde i ei sak vert bedne om å gi melding, slik at varamedlemmer kan kallast inn.

Varamedlemmer som får saksdokumenta til orientering, får ei særskilt melding når dei skal møte.

Møtet er ope for publikum, bortsett frå når det eventuelt skal behandlast saker som er unnatekne offentleg innsyn.

Saksdokumenta er publiserte under «Politikk, påverknad og val» på www.ulstein.kommune.no.
Dei kan lesast i servicetorget på rådhuset.

SAKLISTE

Saksnr	Tittel	Arkivsaknr
PS 19/16	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE	
PS 19/17	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE	
PS 19/18	MELDINGSSAKER	
PS 19/19	DELEGASJONSSAKER	
PS 19/20	SØKNAD OM GODKJENNING AV BESTANDSPLAN FOR FLØ STORVALD FOR PERIODEN 2019-2021	2019/717
PS 19/21	PRINSIPP FOR MÅLRETTE TILDELING FOR 2019	2019/717

Eventuelt

Ulsteinvik, 21.05.2019

Hans-Ole Låbakk
leiar

Anne Kathrine Løberg
møtesekretær

PS 19/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

PS 19/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE

PS 19/18 MELDINGSSAKER

PS 19/19 DELEGASJONSSAKER



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Anne Kathrine Løberg

Arkivsak: 2019/717

Løpenr.: 7248/2019

Utvalsaksnr.

19/20

Utval

Viltnemnda

Møtedato

22.05.2019

SØKNAD OM GODKJENNING AV BESTANDSPLAN FOR FLØ STORVALD FOR PERIODEN 2019-2021

Saka gjeld:

Flø hjortevald søker om å få godkjent ny Bestandsplan for perioden 2019-2021. Administrasjonen rår til at planen vert godkjent.

Tilråding frå kommunalsjef teknisk:

1. Viltnemnda i Ulstein godkjenner del av bestandsplan for Flø hjortevald for perioden 2019-2021.

Dette vert godkjent:

Målsettinga er å sikre ein bestand med store og gode avlsdyr og hindre skade på godt drive landbruksareal. Bestanden av hjort skal ha god alders- og kjønnsamansetting.

Planen for årleg avskyting med slik kjønnsfordeling: 71 % hanndyr og 29 % hodyr.

Planen for årleg avskyting med slik aldersfordeling: 17 % kalv, 23 % yngre dyr og 60 % eldre dyr.

2. Nemnda nyttar 50 %-regelen og reduserer minstearealet for tidleg av fellingsløyve til 493 dekar per dyr.
3. Nemnda gir valdet ei samla tildeling og løyve på 105 frie dyr for perioden 2019-21.

Saksfakta:

Flø hjortevald søker om å få godkjent bestandsplan for 2019-21. Framlegg til ny plan vart sendt med e-post den 24.04.2019 og korrigert den 02.05.2019.

I samband med søknad om godkjenning av bestandsplan, går det fram av Forskrift om forvaltning av hjortevilt og rundskriv til same forskrift at kommunen skal vurdere:

- Er dei formelle krava til ein bestandsplan etter § 15 fylt?
- Er bestandsplanen fagleg tilfredstillande?
- Er målsetjinga og plan for avskyting i samsvar med kommunen sin forvaltingsplan?

Oppsummering av førre bestandsplanperiode 2016 - 2018

År	Tildelt totalt	Felt hannkalv	Felt hokalv	Felt bukk yngre	Felt kolle yngre	Felt bukk eldre	Felt kolle eldre	Felt totalt	Felling %
2016	30	2	3	5	2	8	5	25	83
2017	30	1	5	4	0	10	6	26	87
2018	30	4	2	3	1	11	4	25	83
I alt	90	7	10	12	3	29	15	76	84

Figur 1: Tildeling og felling i planperioden.

Kalv	30 %	Yngre dyr	40 %	Eldre dyr	30 %
Hanndyr	62 %	Hodyr	38 %		

Figur 2: Planlagt felling fordelt på kjønn og alder.

Kalv	22 %	Yngre dyr	20 %	Eldre dyr	58 %
Hanndyr	63 %	Hodyr	37 %		

Figur 3: Felling fordelt på kjønn og alder.

Samanlikna med den planlagde avskyting har valdet felt omtrent rett på kjønnsfordeling. Men det er store avvik mellom plan og felling når det gjeld aldersfordelinga. Det er felt færre kalvar og yngre dyr til fordel for eldre dyr. Fellingsprosenten er på 84 % og det er greitt innfor planen. Valdsansvarleg skriv i oppsummeringa at dei ikkje klarer å tilfredsstille eiga målsetjing.

Den nye søknaden om bestandsplan

Søknaden fyller dei formelle krava til innhald i planen. Målsetjingane i planen er å sikre ein bestand av store og gode avlsdyr, hindre skade på godt drive landbruksareal. Bestanden av hjort skal ha ei god alders- og kjønnsamansetting. Desse måla er i samsvar med måla i kommunen sin vedtekte forvaltingsplan.

Plan for årleg avskyting

a) Plan for talet av dyr som skal fellast kvart år:

Talet på dyr	2019	2020	2021	I alt	Kommentar
Kalv	6	6	6	18	
Kolle	7	7	7	21	
Spissbukk	6	6	6	18	
Eldre bukk	16	16	16	48	
I alt	35	35	35	105	

b) Kjønnsfordeling for det samla uttaket over 3 år:

Kjønnsfordeling	Hannedyr	Hodyr	Kommentar
	71 %	29 %	Kjønnsfordeling felt 2016-18: 63/ 37

c) Aldersfordeling for det samla uttaket over 3 år:

Aldersfordeling	Kalv	Yngre dyr	Eldre dyr	Kommentar
	17 %	23 %	60 %	Aldersfordeling felt 2016-18: 22/ 20/ 58

Det er ei større skeivfordeling i kjønnsballansen i planlagt avskyting enn i det som vart felt i førre planperiode. Når det gjeld aldersfordelinga, har den like høg prioritet på felling av eldre nå som sist.

Det er stor skilnad mellom det som er planen for årleg avskyting og det som er kommunen sine tiltak for å nå ei god bestandutvikling. I forvaltingsplanen er det eit tiltak å redusere uttaket av eldre dyr. Tiltaket er å *tildelje forholdsvis meir yngre dyr og kalv ved målretta avskyting og godkjenning av bestandsplan. Delen eldre dyr får ikkje overstige 40% ved tildeling av fellingsløyve.*

Flø hjortevald er godkjent med eit teljande areal på 17.255 dekar. Med eit minsteareal på 500 dekar gir dette eit årleg løyve på 34 dyr. Flø søkjer om å få godkjent eit uttak på 35 dyr per år, i sum 105 dyr over tre år. Dette er i sum 3 dyr meir enn det valdet har etter teljande areal. Minstearealet vert då 493 dekar per dyr.

Vurderingar og konklusjon:

Det er eit mål i hjorteforvaltninga å ha ei grunneigarstyrt forvaltning gjennom bestandsplanlegging. Vi ser likevel at det er ei krevjande oppgåve å utarbeide bestandsplan for valdet når avskytinga siste 3 åra viser så skeiv fordeling av dyr i forhold til kjønn og alder.

Ei løysing på utfordringa kan vere å samarbeide over ein større geografi i eit bestandsplanområde. Den løysinga vil krevje tid for å få til, men administrasjonen vil oppmode leiaren i valdet om å arbeidet for ei slik løysing på sikt.

Med bakgrunn i erfaringane frå tidlegare års avskyting, vil administrasjonen likevel rå til å godkjenne planen slik den ligg føre, sjølv om planlagt avskyting i liten grad er i samsvar med kommunen sitt mål om å redusere uttaket av eldre dyr. Det er opplagt at planen ikkje famnar om ein heil bestand, men berre om ein del av bestanden.

Lenke til meir informasjon:

Vedlegg:

1 Bestandsplan for Flø hjortevald for perioden 2019-2021

Arne Runar Vik
Kommunalsjef teknisk

Anne Kathrine Løberg
Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

BESTANDSPLAN

FOR

HJORTEVILT

PÅ

FLØ

I

ULSTEIN KOMMUNE

ÅR 2019 – 2021

"Flø Storvald" har eit teljande areal på 17 255 dekar.

Bestandsplanen si virketid er frå og med jaktåret 2019 til og med 2021.

Jaktfelt i Flø Storvald

Nr.	Gnr.	Godkjend areal daa	Vald	% av totalt areal
1.	1	6970	Ytre Flø	40
2.	2	4255	Midtflø	24,6
3.	3	3955	Indreflø	22,9
4.	4	2175	Roppene	12,5
		17255	Gjennomsnitt 493 dekar pr. dyr	100,0

Målsetjing

Sikre ein bestand med stor og gode avlsdyr, hindre skade på godt drive landbruksareal

Samt at valdet har jobber i samsvar med kommunen sine målsetjingar.

Bestanden av hjort skal ha ei god alders- og kjønnsamansetting, og ein storleik som hindrar at det oppstår beiteskadar og trafikkskadar av omfang.

Bestandsutvikling

På Flø i Ulstein har vi hjort spreidd over heile valdet. Vi har overvintring av hjort i sjønære område av valdet og i skogane, vi har ikkje data på kor stor denne vinterbestanden er med anslagsvis ein plass mellom 10-15 dyr og i hovesak då bukkar 2,5 år og oppover. Vår og haust trekkjer hjort til/gjennom kommunen/valdet. Mange av desse dyra oppheld seg i våre områder store deler av vår/sommar/haust.

Sidan vi ligg på ei øy og hjorten sym er han observert mange plassar i kommunen der han kjem symjande, deretter for flyttar han seg litt med tida. Flø grensar til Brandal i Hareid kommune som der er hjort som vandrar imellom valda, likeeins er det slik mot Ulstein Vald i Ulstein kommune der det og vandrar ut og inn hjort heile året.

Vi ser at hoved områda for hjorten tidlig i jakta er stort sett lokalisert i Midtflødalen og Ytreflø, vidare utover jakta trekker dyra ned mot sjøen og utover Gotene på ytreflø. Vi kan ikkje sei at vi har meir eller 4-5 faste koller som har sine kalvingsplassar på Flø. Desse er lokalisert til skogane på ytre og midtre Flø.

I tidsrommet 2016 til 2018 var det felt 25 dyr pr. år i gjennomsnitt. Tildelingane i same tidsrom har vært på 30 dyr pr. år. desse er ein fordel å ta ut framfor gode produksjons dyr. I siste planperiode 2016-2018 har vi opplevd at vi ikkje klarer å tilfredsstille egen målsetning.

Dette skyldes i hovudsak at vi ikkje får felt koller og kalvar yngre bukker.

Det som vi observerer i jakttiden er et overtall av eldre bukker. Dette viser også sett og skutt observasjonar og kva vi faktisk feller. Difor er det i innverende periode et ønske frå valdet og felle en del eldre bukker enn tidligere. Ref 1.vårtelling 2019 vart det telt tot. 48 dyr på flø derav 46 var bukker (eldre)

Felte dyr i tidsrommet:

År	2016	2017	2018	Gj.snitt
Antall jegerdager	114	107	69	97
Hannkalv	2	2	4	3
Hunnkalv	3	4	2	3
Hann 1 ½ år	5	4	3	4
Hunn 1 ½ år	2	0	2	1
Hann 2 ½ år og eldre	8	10	11	10
Hunn 2 ½ år og eldre	5	6	3	5
Sum felte hjort	25	26	25	25
Jaktfelt som har levert skjema	4	4	4	4

Sette hjort registrert i hjortevilt registeret:

År	2016	2017	2018	Gj.snitt
Antall jegerdager	114	107	69	97
Spissbukk	20	43	27	30
Bukk	248	248	159	218
Kolle	53	40	51	48
Kalv	31	26	22	26
Ukjent	38	29	19	29
Sum sette hjort	390	386	278	351
Jaktfelt som har levert skjema	4	4	4	4

Bestandsutvikling:

År	2016	2017	2018	Gj.snitt
Sett hjort pr. jegerdag	3,42	3,61	4,03	3,69
Sett kolle pr. bukk	0,20	0,14	0,27	0,20
Sett kalv pr. kolle	0,58	0,65	0,43	0,56
Sett spissbukk pr. bukk	0,08	0,17	0,17	0,14
Prosent bukker felt av sette bukker	4,85	4,81	7,53	5,73
Prosent koller felt av sette koller	13,21	15,00	9,80	12,67
Prosent kalver felt av sette kalver	16,13	23,08	27,27	22,16
Antall jegerdager	114	107	69	96,67
Jaktfelt som har levert skjema	4	4	4	4,00

Plan for årleg avskyting

Flø Storvald legg opp til ei tildeling på 35 dyr kvart år i planperioden. Med eit godkjent jaktareal på 17 255 dekar og ei tildeling på 35 dyr, tilseier det eit areal på 493 dekar pr. tildelt dyr. Dette medfører ei total tildeling i planperioden på 105 dyr. Det totale uttaket må kvart år vurderast om dette ligg innan for planlagt avskyting. Dersom ein oppnår målsetting basert på tidligere år på ca. 80 % felling, vil det medføre at ca. 28 dyr vert skotne kvart år. Fordeling i kjønn som vist i figur 2 bør vere målsettinga.

Tal dyr	2019	2020	2021	Sum
Hannkalv	3	3	3	9
Hokalv	3	3	3	9
Yngre kolle	2	2	2	6
Eldre kolle	5	5	5	15

Spissbukk	6	6	6	18
Eldre bukk	16	16	16	48
I alt	35	35	35	105

Kjønnfordeling i % for det samla uttaket over 3 år:

Kjønnfordeling	Hanndyr	Hodyr
	71 %	29 %

Aldersfordeling i % for det samla uttaket over 3 år:

Aldersfordeling	Kalv	Yngre	Eldre
	17 %	23 %	60 %

Eigedomsliste og kart

Vedlegg over eigendomar og kart er supplert av landbrukskontoret.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Anne Kathrine Løberg

Arkivsak: 2019/717

Løpenr.: 7161/2019

Utvalsaksnr.

19/21

Utval

Viltnemnda

Møtedato

22.05.2019

MÅLRETTA TILDELING AV FELLINGSLØYVE FOR 2019

Saka gjeld:

Prinsippet om målretta tildeling til vald utan bestandsplan fyljer føringane i målsettingane for forvaltingsplanen for hjort i Ulstein kommune. Det er og teke omsyn til oppmodinga frå Møre og Romsdal bondelag om å høg avskyting av hjort for å avhjelpe beiteskade på godt drivi jordbruksareal.

Tilråding frå kommunalsjef teknisk:

1. Viltnemnda i Ulstein nyttar 50% regelen og aukar minstearealet for tidleg av fellingsløyve med 50% til 750 dekar per dyr. Årsaka er låg fellingsprosent i valdet siste åra. Ulstein og Skeide hjortevald får fellingsløyve på hjort for 2019 pålydande:
4 kalvar
3 spissbukk (bukk med ugreina gevir)
6 vaksne hodyr (1 ½ år og eldre)
3 vakse hanndyr (1 ½ år og eldre).
2. Viltnemnda i Ulstein nyttar 50% regelen og minkar minstearealet for tidleg av fellingsløyve med 50% til 250 dekar per dyr. Årsaka er høg fellingsprosent i valdet siste åra og mogleg reduksjon av beiteskade på innmark. Vik og Hofset hjortevald får fellingsløyve på hjort for 2019 pålydande:
4 kalvar
1 spissbukk (bukk med ugreina gevir)
3 vaksne hodyr (1 ½ år og eldre)
1 vakse hanndyr (1 ½ år og eldre).
3. Viltnemnda i Ulstein nyttar 50% regelen og aukar minstearealet for tidleg av fellingsløyve med 50% til 750 dekar per dyr. Årsaka er låg fellingsprosent i valdet siste åra. Garnes hjortevald får fellingsløyve på hjort for 2019 pålydande:
1 kalvar
1 vaksne hodyr (1 ½ år og eldre)
1 vakse hanndyr (1 ½ år og eldre).

4. Viltnemnda i Ulstein nyttar 50% regelen og aukar minstearealet for tidleg av fellingsløyve med 50% til 750 dekar per dyr. Årsaka er låg fellingsprosent i valdet siste åra. Hasund og Strandabø hjortevald får fellingsløyve på hjort for 2019 pålydande:
 - 1 kalvar
 - 1 spissbukk (bukk med ugreina gevir)
 - 1 vaksne hodyr (1 ½ år og eldre)
 - 1 vakse hanndyr (1 ½ år og eldre).

5. Viltnemnda i Ulstein nyttar 50% regelen og minkar minstearealet for tidleg av fellingsløyve med 50% til 250 dekar per dyr. Årsaka er høg fellingsprosent i valdet siste åra og mogleg reduksjon av beiteskade på innmark. Dimnøya hjortevald får fellingsløyve på hjort for 2019 pålydande:
 - 8 kalvar
 - 6 spissbukk (bukk med ugreina gevir)
 - 10 vaksne hodyr (1 ½ år og eldre)
 - 4 vakse hanndyr (1 ½ år og eldre).

6. Viltnemnda i Ulstein nyttar 50% regelen og aukar minstearealet for tidleg av fellingsløyve med 50% til 750 dekar per dyr. Årsaka er låg fellingsprosent i valdet siste åra. Garshol og Botnen hjortevald får fellingsløyve på hjort for 2019 pålydande:
 - 1 kalvar
 - 1 spissbukk (bukk med ugreina gevir)
 - 1 vaksne hodyr (1 ½ år og eldre).

7. Viltnemnda i Ulstein nyttar 50% regelen og aukar minstearealet for tidleg av fellingsløyve med 50% til 750 dekar per dyr. Årsaka er låg fellingsprosent i valdet siste åra. Osnes hjortevald får fellingsløyve på hjort for 2019 pålydande:
 - 1 kalvar
 - 1 spissbukk (bukk med ugreina gevir)
 - 1 vaksne hodyr (1 ½ år og eldre).

Saksfakta:

Vald som ikkje har godkjent bestandsplan skal ha fellingsløyve etter målretta avskyting jf. §18 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt. Kommunen skal tildele valda dyr frå følgjande kategoriar: kalv, vaksne hodyr (1½ år og eldre), spissbuk (buk med ugreina gevir) og vakse hanndyr (1½ år og eldre).

Følgjande vil verte lagt til grunn ved tildeling av fellingsløyve:

1. Regel om bruk av minsteareal avgjer det totale talet på dyr som valdet får felle.
2. For vald med opp mot 100% felling siste 3 åra skal 50% regelen nyttast.
3. Følgjande fordeling av dyr er ynskjeleg for den totale tildelinga i kommunen jf. Forvaltingsplan for hjort i Ulstein kommune 2013-2016:
30% kalv, 40% ungdyr, 30% eldre dyr, og balanse mellom kjønna.
4. Møre og Romsdal Bondelag har sendt brev til kommunane med oppmoding om at avskytinga av hjort må aukast for å skjerme jordbruksareal som vert godt drivi.

Vald	Teljande areal	Minsteareal	Felt 2018	Endring minsteareal	Tal dyr 2019
Ulstein/Skeide	12175	500	7	750	16
Vik/Hofset	2360	500	4	250	9
Garnes	2710	500	1	750	3
Hasund/Strandabø	3365	500	1	750	4
Dimnøya	7170	500	19	250	28
Garshol/Botnen	2460	500	2	750	3
Osnes	2585	500	0	750	3
Sum					66

Etter prinsippa som er gjeve over vil fordelinga til dei tildelte dyra vere:

Kategori	Prosent	Tal dyr
Kalv	30 %	20
Vaksne hodyr (1 ½ år og eldre)	35 %	23
Spissbuk (buk med ugreina gevir)	20 %	13
Vakse hanndyr (2 ½ år og eldre)	15 %	10

Vurderingar og konklusjon:

Ut frå tal felte dyr i 2018 vil vi rå til å nytte 50 % regelen for avvik frå minstearealet med 50 % høgare areal for vald med låg fellingsprosent i 2018. På same vis vil vi nytte 50 % regelen å gi 50 % lågare areal vald med høg fellingsprosent i 2018. Bondelaget i Møre og Romsdal har sendt brev til alle kommunar med oppmoding å ha høg avskyting av hjort for å avhjelpe for beiteskade på godt drivi jordbruksareal.

Framlegg til tildeling for 2019 til vald utan bestandsplan:

Vald	Tildelt	Tildelt kalv	Tildelt spissbukk	Tildelt hodyr	Tildelt Hanndyr
Ulstein/Skeide	16	4	3	6	3
Vik/Hofset	9	4	1	3	1
Garnes	3	1	0	1	1
Hasund/Strandabø	4	1	1	1	1
Dimnøya	28	8	6	10	4
Garshol/Botnen	3	1	1	1	0
Osnes	3	1	1	1	0
Til saman	66	20	13	23	10
Prosent	100	30	20	35	15
Normalen	100	30	20	35	15

Vedlegg: Brev frå Møre og Romsdal Bondelag.

Arne Runar Vik
Kommunalsjef teknisk

Anne Kathrine Løberg
Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

**MØRE OG ROMSDAL
BONDELAG**



Kommunene i Møre og Romsdal

Vår saksbehandler
Arnar Lyche

Vår dato
02.04.2019
Deres dato

Vår referanse
19/00291-1
Deres referanse

Avskytingen av hjort må økes

Planlegging av årets jakt sesong er i gang og Møre og Romsdal Bondelag vil i den forbindelse poengtere viktigheten av en aktiv hjorteviltforvaltning. Hjortebeiteskader er et gjennomgående tema fra våre medlemmer. Hjorten samler seg helst på godt drevne arealer for å beite på det beste graset, og det påfører mange av våre medlemmer store økonomiske tap.

I følge «Forskrift om forvaltning av hjortevilt» skal forvaltningen sikre bestandsstørrelser som fører til at hjortevilt ikke forårsaker uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser. Vi mener at hjortejakta, slik som den har foregått fram til nå, ikke oppfyller formålsparagrafen i forskriften. Flere av våre medlemmer har dokumentert at hjorten har beitet 30-40 prosent av avlingen. Det økonomiske tapet i slike tilfeller blir stort og det går langt utover det som er akseptabelt for bonden. Antall felte hjort stiger år for år og dette må vi i fellesskap gjøre noe med.

På grunn av tørken i 2018 er førsituasjon anstrengt og vi anbefaler å øke avskytingen i bestandsplanene med 50 prosent de nærmeste årene med virkning allerede fra i år. Samtidig ber vi om at terskelen for å tildele skadedyr er lav. Mange bønder er i en presset situasjon og det er en belastning at hjorten spiser av det som skal bli vinterfôr.

Med vennlig hilsen

Elektronisk godkjent, uten underskrift

Vegard Smenes
Styremedlem

Arnar Lyche
Organisasjonssjef

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse: Fannestrandsveien 63 6415 MOLDE	Besøksadresse: Fannestrandsveien 63 (Felleskjøpet) 6415 MOLDE	Telefon: 71202890	E-postadresse: more.romsdal@bondelaget.no
Møre og Romsdal Bondelag Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 939678670 Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto: 8101.05.12891 Bankkonto: 8101.05. 91392	Internett: http://www.bondelaget.no/moreogromsdal/